



INNKALLING

Møte: 4-2024
Møtedato: Onsdag 4.9.2024
Møtestad: Bremnes kyrkje
Tid: Fagervoll 16.30

Denne innkallinga gjeld berre til faste medlem i fellesrådet. Dersom det er forfall til møte, vil varamedlem bli kontakta.

Forfall bør snarast meldast til kyrkjeverja på telefon 400 85 045

Vi ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melde frå om dette på førehand.

Me startar med synfaring på Fagervoll gravplass kl. 16.30 før me forsett til Bremnes og tek ein runde på Bremnes kyrkjegard før me har fellesrådsmøte i kyrkje.

SAKSLISTE:

- 2024-04-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
- 2024-04-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 3 - 2024
- 2024-04-03 MELDINGAR OG SKRIV
- 2024-04-04 KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2024
- 2024-04-05 DRIFTSBUDSJETT 2025
- 2024-04-06 SØKNAD OM 20% PERMISJON FRÅ KYRKJEVERJE
- 2024-04-07 FULLMAKT TIL FORMANN FOR LØNNSFORHANDLING MED KYRKJEVERJE

Bremnes den 2. september 2024

Torleiv Fylkesnes
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	4.9.2024		2024-04-03

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024-04-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om oppsagt rekneskapsføringsavtale. – Azets – har hausten på oss.
2. Vellukka storsamling for råd og tilsette – tankar om årleg møtepunkt
- 3.

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Fellesrådet	4.9.2024		2024-04-04

Saksbehandlar: Trygve Leigland Arkivnr.: 133

2024-04-04 KVARTALSRAPPORT 2. KVARTAL 2024

Kyrkjeverje sitt framlegg til vedtak:

Kyrkjeleg fellesråd tek rekneskapsrapporten for 2. kvartal 2024 til vitande.

Dokument i saka

Rekneskapsrapport 2. kvartal 2024

Vurdering

2. kvartal viser eit mindreforbruk på 1 696 296 mot budsjettert 1 660 314. Altså eit positivt avvik mellom rekneskap og budsjett på 35 982. Ein har brukt mindre og/eller fått inn meir tilsvarende tilsaman 35 982.

Kommentarar til rapporten:

Kommentarar til inntektsida.

16* Sal, eigenbetaling og avgifter

Inntekter er 321' lågare enn budsjettet. Dette skuldast i hovudsak budsjettposten «Festeavgifter» der ein har mål om å få rydda opp ein del i festeregisteret og fakturert graver som ikkje er følgt opp. Diverse inntekter har ei positiv balanse på 102'. I dette ligg konsertinntekter til Estlandsarbeidet med Herrens Glade gutter i Bremnes kyrkje, og midlar frå Søndagsskulen som pedagogane har skaffa ved å melde trusopplæringstiltak inn i Søndagsskuleforbundet.

17* Refusjonar

Ein har fått inn 53' mindre enn budsjettet. Refusjon frå kommunen til kremasjonsstønad vert krev inn ved årsslutt og er det som utgjer den største differansen her.

18* Tilskot og Gåver

Ein har fått inn 36' meir enn budsjettet. Ein hadde budsjettet med eit ekstratilskot frå kommunen på 500' i løpet av året som i revidert budsjett vart fjerna. Elles kan ein også merke seg at ein har fått justert tilskot til kateket/undervisning og trusopplæring frå bispedømekontoert. Tilsaman 103' meir enn budsjettet.

Kommentarar til kostnadssida.

10* Løn

Lønnskostnadane ligg 490' under budsjettet. Største delen av dette ligg i låge pensjonskostnader sett opp mot budsjett. Rettare sagt er det ført 672' som inntekt på denne posten med forklaringa «oppdekning frå fond», som dermed går mot størstedelen av pensjonsutgiftene.

11* Varer og tenester.

Varer og tenester har eit meirforbruk på 27' mot budsjett, og ligg dermed nært budsjett. Det er likevel nokre store avvik internt på spesifikke postar. Blant anna trusopplærings 16-18 der ein har eit meirforbruk på 112'. Mykje av dette går mot høgare inntekt på inntektssida, og utgjer med andre ord ikkje noko veldig stort utslag på balansen totalt sett.

12* Utstyr, materiell, vedlikehald

Meirforbruk på 178'. Størstedelen av dette utgjer «uforutsette» kostandar knytt til forsikringssak frå 2023. Her er også utlegg til arbeidet som vart gjort på Bremnes kyrkje i vår som vil bli refundert frå støttelaget i Bremnes.

13* - 14* Refusjonar og tilskot, gåver til andre

Mindreforbruk på 72' mot budsjett. Halvparten av dette utgjer kompensasjonsordning for mva. Dette er vidare ein post som går i balanse med mva inntekt, så dette har ingen utslag for balansen totalt sett. Her er også 37' mindre refundert til bispedøme for pretestilling.

Kommentarar til 2. kvartal.

Ein ser resultat av kutting av kostnader på rekneskapsført totalkost på 6,4 mill. mot budsjettet 6,8 mill. for andre kvartal. Positivt avvik på 357'. Likevel kan noko av dette og forklarast i periodiseringsfeil. På inntektssida er det eit negativt avvik på 321' Mykje av dette er knytt til innkrevjing av festeavgifter. Elles er det alltid periodiseringar på enkeltposter som er usikre, som gir utslag eine eller andre vegen og som kunne vore estimert og plassert betre. Vidare må ein også merke seg at budsjettet og rekneskapsført tilskot frå bispedøme er tilskot som skal «vare året ut» knytt til undervisnings-, trusopplærings- og diakonstilling (18051 – 53).

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	4.9.2024	1.11	2024-04-05

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.: 1.11

2024-04-05 DRIFTSBUDSJETT 2025

Dokument i saka

Budsjett 2025 – Hovudpostar

Budsjett 2025 – Underpostar

Kommunalt tilskot frå 2017 til 2025

Framlegg til vedtak

1. DRIFTSBUDSJETT 2025

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtar driftsbudsjett i samsvar med Budsjett 2025 med ei totalramme på kr 18.390.000 inkl. finansielle utgifter og inntekter.

Bakgrunn

På etterspurnad frå kommunedirektøren er det utarbeida forslag til førebels driftsbudsjett for Bømlo kyrkjelege fellesråd for 2025.

Kommunalt rammetilskotet til drift i 2024 er 8 617 000 utan tenesteyting. Dette er opp 355' frå 2023, men ligg likevel langt bak det ein burde ha i tilskot som følgje av kommunal deflator (lønns- og prisvekst) dei siste åra. I bagasjen har ein likt tilskot i 2023 som i 2022 utan lønns og prisvekst, og kutt på 300 000,- tilbake i 2020. Ein ser vidare at kommunedirektøren tidlegare har lagt opp til eit «flatt» tilskot dei kommande åra, noko som praktisk sett vert kutt kvart einaste år. Det er dermed viktig at Bømlo kyrkjelege fellesråd er på bana med budsjettforslag for 2025 allereie no.

Vurdering

Kommentarar til nokre av samlepostane:

0 – Løn: Ein har forsøkt å rekna ut framtidig tenkt lønn på kvar tilsett for 2025 med ei auke på 5,3% frå 1.5.2025. Det er budsjettert med 100% kyrkjevevjestilling sjølv om her er søkt om 20% permisjon frå 1.1.2025 til 31.8.2025. Det er vidare budsjettert med høgare lønnskostnader på kyrkjegard (0430) med bakgrunn i å ta gravopning sjølv, og at ein dermed vil ha behov for noko meir bemanning. Dette vil vidare gje positivt utslag på behov for ekstra hjelp. Det er budsjettert med 80% stilling som kyrkjetenar i gravferd då dette er eit reelt behov som fellesrådet må ta stilling til, dette kjem fram under 0420. Det er også budsjettert med noko lågare lønnsutgifter på pedagogane som følgje av innvilga permisjon.

1 – Varer og tenester: Ein legg opp til trusopplæringstiltak med tur til London også i 2025. Ein må sikre at enda meir av dette vert dekke av eigenbetaling for innverande år. Vidare er det knytt stor spenning til utviklingane av straumprisane som får direkte innverknad på fellesrådet sin økonomi. Det er budsjettert noko meir på varer og tenester i 2025 enn i 2024, hovudsakleg er dette prisvekst.

2 – Utstyr, materiell m.m.: Ein har her som tidlegare eit botnnivå når det gjeld vedlikehald av kyrkjer. Det er vidare kutt eit halvt år med ekstern gravteneste, då ein i 2025 ynskjer å ta denne jobben sjølv.

3 – 4 – Refusjonar og tilskot er elles budsjettert nok så likt som for 2024, men det er føreslått eit kutt til tilskot til sokneråda på 50 000.

5 – Finansielle utgifter: Det er for 2025 også budsjettert med dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk på 650 000

6 – Sal, eigenbetalingar: Festeavgiftene har inga «topp» i 2025 så dette vil igjen spele inn på eigenbetaling i 2025.

7 – Refusjonar: Det er ikkje teke me berekningar for refusjonar knytt til evt. sjukemeldingar. Budsjett for 2025 er sett opp på ca. same nivå om i 2024.

8 – Tilskot og gåver: Her er det budsjettert ca. 2 014 000 høgare enn 2024. Det er lagt inn ei kraftig tilskotsauke frå kommunen (1,8 mill.) for å ta igjen det tapte ein har blitt liggande bak på dei seinare åra og for å kunne dekkje det faktiske kostnadsnivået som fellesrådet i dag har. Det ligg også eit potensiale for å hente meir på dette punktet når det gjeld gåver. (Få fleire faste gjevarar til diakonitenesta, får faste gjevarar til TOL arbeidet el.) Ein vil nok i tida som kjem bli tvungen til å tenkje nytt i forhold til innhenting av midlar. Det er også budsjettert frimodig med tilskot frå sokneråda til TOL arbeidet på 50 000,-

9 – Finansinntekter: Det vil naturlegvis ikkje vera noko driftsfond å ta av i 2025. Det er difor budsjettert med å ta ytterlegare 80 000 av bunde fond til diakoni. Det er også usikkerheit knytt til storleiken for renteinntekter for 2025.

Bømlo kyrkjelege fellesråd si største inntektskjelde forutan stønad frå kommune og stat er festeavgifter. Fakturering av festeavgifter har ein syklus på 5 år, der det kvart 5. år er nær dobbel så mange graver med festeforfall som dei andre fire år. Dette gjer at Bømlo kyrkjelege fellesråd må setje av midlar kvart 5. år for å oppretthalda normal drift dei andre fire. 2022 var eit slik topp-år, noko som igjen vil seie at BKF i 2023 – 2026 vil gå med lågare inntekt knytt til festeavgifter. Ettersom 2022 danna grunnlag for store framtidige utfordringar, og dette vart forsterka i 2023 som følgje av fryst kommunalt tilskot, høg lønns og prisvekst, og tømning av driftsfond, vert det svært spennande å sjå korleis dette vil få innverknad på drifta for fellesrådet og korleis kommunen vil handtere dei kyrkjelege oppgåvene dei er pliktige til å dekkje gjennom kommunale tilskot.

Konklusjon

Driftsbudsjettet for 2025 speglar det reelle behovet som fellesrådet har per dags dato. Med dagens behov og aktivitetsnivå er fellesrådet avhengig av at Bømlo kommune jobbar aktivt for å strekkje seg mot «det tapte» som fellesrådet har blitt liggjande bak på med dei seinare åra som følgje av bagasjen ein drar med seg frå tidlegare krevjande år med kutt eller frysing av kommunale tilskot. Ein har i dette budsjettframlegget jobba for å synleggjere det faktisk behovet og ikkje teke stilling til Bømlo kommune sin økonomisk krevjande situasjon. Med reelt behov er det likevel budsjettert svært nøkternt og på grensa til urealistisk i forhold til midlar tiltenkt vedlikehald av kyrkjer osv.

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	4.9.2024		2024-04-06

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024 – 04 – 06 Søknad om 20% permisjon

Relaterte saker

Dokument i saka

- Søknad. (Sendt fellesrådsleiar)

Framlegg til vedtak

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi kyrkjevevje 20% permisjon fram til 31.8.2025

Bakgrunn

Av private/familiære årsaker ynskjer kyrkjevevje å søkje om 20% permisjon frå stillinga som kyrkjevevje fram til 31.8.2025

Vurdering

Det er viktig å halda det politiske trykket oppe ettersom ein i 2024 er inne i ei svært krevjande tid økonomisk for kyrkja. Vidare er det viktig å sjå kva mogelegheiter ein har for å spare inn på ressursane. Med ei god oppgåveklarering mellom kyrkjevevje, konsulent og øvrig stab vil det vera råd å oppretthalda eit godt tenestetilbod samstundes som ein vil kunne spare inn noko på lønnsmidlar ved å innvilge ulønna permisjon.

Konklusjon

BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	4.9.2024		2024-04-07

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

2024 – 04 – 07 Fullmakt til formann for lønnsforhandling med kyrkjeverje

Relaterte saker

Dokument i saka

Framlegg til vedtak

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gi formann i fellesrådet fullmakt til lønnsforhandling og fastsetjing av løn til kyrkjeverja.

Bakgrunn

Ettersom kyrkjeverja er plassert i kapittel 3. i hovudtariffavtalen vert denne stillinga ikkje omslutta av sentrale lønnsforhandlingar. Kyrkjeverje kan difor ha årleg lokal lønnsforhandling med fellesrådet.

Vurdering

Tidlegare år er dette gjennomført mellom kyrkjeverje og fellesrådsformann, vidare orientert til fellesrådet. Det er meste hensiktsmessig at dette ikkje føregår med heile rådet. Frå kap. 3:

3.4.1 Lederavlønning – øverste leder(e)

Lønn til daglig leder av virksomheten, og lederstillinger på tilsvarende nivå og/ eller med sammenlignbart arbeids- og ansvarsnivå, fastsettes etter forhandlinger. Vurdering av lederlønninger kan foretas en gang i året.

Grunnlaget for vurderingene er ett eller flere av følgende kriterier:

- Oppnådde resultater i forhold til virksomhetens målrettede aktiviteter
- Utøvelse av lederskap i forhold til virksomhetens mål
- Betydelige organisatoriske endringer
- Behov for å beholde kvalifisert arbeidskraft.

Kommer partene ikke til enighet ved forhandlinger, kan tvisten ikke ankes. Arbeidsgivers siste tilbud skal da vedtas.

Stillingskoder	
4950	Daglig leder/kirkeverge
4955	Leder (hovedbenevnelse)
4955	Assisterende leder
4955	Bygg- og anleggssjef

Konklusjon